



Arkoconsult AS  
Fossen senter, Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/1730 - 16/13568

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:  
26.10.2016

## Seksjoneringsak Gbnr 45/450 Manger - Vedtak om seksjonering

Delegasjonssak nr.: 307/2016

### Saksutgreiing:

Kommunen har motteke begjæring om oppdeling i 3 eigarseksjonar for gnr.45 bnr.450. Seksjoneringa gjeld 3 mannsbustad under oppføring. Igangsetjingsløyve for oppføring vart gjeve den 24.09.2015 i sak 15/1715. Seksjonane skal ha tilleggsareal bygg og grunneigedom. Det er halde oppmålingsforretning over uteareala den 20.10.2016.

Kvar bueining har eigen ytre inngang og eiga offisielle gateadresse. Areala som ikkje inngår som eksklusivt uteareal for dei ulike seksjonane er fellesareal for dei tre seksjonane.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiget: Sameiet Selfallet Nord BK04

### Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglementet for Radøy kommune vert det gjeve løyve til seksjonering av 3 mannsbustad på gnr.45 bnr.450. Seksjoneringa vert godkjent på grunnlag av framlagte teikningar, situasjonsplan og vedtekter.

Seksjonsr.1-3 er likeverdige bustadseksjoner med sameigebrøk 1/3 kvar. Dei enkelte seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Vedtaket har heimel i lov om eigarseksjoner §9

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Begjæring

**Mottakere:**

Arkoconsult AS

Fossen senter, 5291  
Postboks 103

VALESTRANDSFOSSEN